

NBK/Bygdekvinnelaget er en partipolitisk nøytral kvinneorganisasjon som arbeider for kvinnenes og bygdenes interesser både nasjonalt og internasjonalt. Bygdekvinnelaget er en møteplass for kvinner som ønsker å dyktiggjøre seg selv og bidra til utvikling av levende lokalsamfunn. Som en viktig tradisjons- og kulturformidler har Bygdekvinnelaget hovedsatsingsområdene innenfor kultur, mat og miljø.

Oslo 14.01.09

Til Barne- og likestillingsdepartementet
0030 Oslo

Høyringsvar "Forslag om lovfesting av krisesentertilbudet"

Viser til brev av 30.10.08 om Høring - forslag om lovfesting av krisesentertilbud.
Norges Bygdekvinnelag ynskjer med dette å kome med fylgjande kommentarar til forslaget:

2. Hva skal lovfestes og forankring av tilbudet

Norges Bygdekvinnelag er svært glad for at styresmaktene no ynskjer å lovfeste krisesentertilbudet i form av å innføre ei kommunal plikt til å sørge for at personar som blir utsett for vald i nære relasjonar får eit heilskapleg og godt tilbud. Vi tek utgangspunkt i at ei lovfesting av krisesentertilbudet vil sikre brukarane meir like tenester når det gjeld innhald, kvalitet og tilgjengelegheit.

3. Kommunens ansvar og innholdet i krisesentertilbudet

Krisesentra er i den unike posisjon at dei kan bidra til å kartlegge behov for hjelp hos både kvinner og barn og medverke til at dei får slik hjelp. Slike oppgåver krev kompetanse. Dette må utdypast i ei forskrift.

4. Målgrupper for krisesentertilbudet

Lovforslaget legg til grunn ein definisjon av vald i nære relasjonar som " *Med vold i nære relasjonar menes alle former for vold eller trusler om vold fra en nærstående person*".

Bygdekvinnelaget meiner at denne formuleringa utelet målgrupper som tradisjonelt har hatt eit tilbud på krisesentra. Offer for valdtekt er eit eksempel på ei slik målgruppe. Vi ber om ei omformulering av definisjonen av brukargruppa slik at også alle typar valdtektsoffer kan få hjelp på eit krisesenter.

Norges Bygdekvinnelag er einig i at Lov om krisesentertilbud til personar utsett for vald i nære relasjonar må vere ei kjønnsnøytral lov.

5. Kvaliteten i tilbudet og tilrettelegging for ulike målgrupper

Bygdekvinnelaget vil ynskje ei meir detaljert forskrift for korleis ein skal ivareta borna på eit krisesenter. Borna må bli sett på som ei eigen brukargruppe og det trengs ei konkretisering av kva tilbodet til barn skal innehalde.

Bygdekvinnelaget er einig i at eit krisesenter skal vera eit lågterskeltilbod, vera gratis og ope for alle.

Vidare er ein nøgd med at retten til kvalifisert tolk blir lovfesta. Stadig fleire personar med minoritetsbakgrunn oppsøker krisesentra, og i mange situasjonar vil ein vera avhengig av tolk.

Det er ingen tvil om at krisesentra gjennom nesten tretti år har utvikla ein særeigen kompetanse i høve til personar utsett for vald i nære relasjonar. Norges Bygdekvinnelag ser det som viktig at tenester og kompetanse som er utvikla på og av krisesentra blir ivaretatt og vidareført samstundes som ein dekkar alle dei minimumskrav som er lista opp i lovforslaget.

Bygdekvinnelaget er tilfredse med at kvalitetskravet til tenestene har fått ei eksplisitt formulering i lova. Den faglege kvaliteten på tenestene blir det derimot ikkje sagt noko om. Vi vil peike på at det er naudsynt at det er eit fagleg minstemål på krisesentra. Mange av kvinnene og borna er sterkt traumatiserte og vil ha behov for adekvat hjelp. Krisesentra skal ikkje drive behandling, men tilby samtalar og eit gjennomtenkt fysisk og psykososialt miljø som kan fremje kvinnene og borna sine evner til å meistre situasjonen. Vi meiner det er svært viktig at det er fagleg god standard på dette.

6. Samordning av tenester

Kommunen skal sørgje for samordning av tenester for brukarar av tilbod etter denne lova. Mange krisesenter har allereie i lang tid arbeidd etter ein slik modell ved at dei har tatt initiativ til tverrfaglege ansvarsgrupper som har fylgd brukaren også etter utflytting frå krisesenteret. Denne arbeidsmåten har fungert bra og vi meiner dette må halde fram. Det vil difor vera avgjerande at styresmaktene fylgjer opp lovfestinga med forskrifter på område som sikrar dette, samstundes som ein sikrar tilstrekkeleg finansiering i samsvar med intensjonane i lovforslaget.

Det er positivt at det står at kommunane skal gjera tilbodet kjent for innbyggjarane.

7. Taushetsplikt og opplysningsplikt og 8. Politiattest

Bygdekvinnelaget er nøgd med kravet om at kravet til teieplikt og politiattest for tilsette blir heimla i lova.



Kathrine Kleveland
Leder i Norges Bygdekvinnelag